

SAK 21/26 HØYRING BUSKERUDPLANEN – MED HJERTE FOR BUSKERUD**Saksopplysning:**

Høyringsvar på Buskerudplanen – med hjerte for Buskerud.
er lagt ved som eige vedlegg.

Forslag til vedtak:

Regionrådet sender inn høyringsvar på vegne av dei kommunane som sluttar seg til uttala, med dei rettingane som kjem fram i møte.

Hallingdal, 19. mars 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Høyringsvar Buskerudplanen

BUSKERUDPLANEN – MED HJERTE FOR BUSKERUD.

Høyringsvar frå Regionrådet for Hallingdal

1. GENERELT

Buskerudplanen er ein god plan og eit solid og omfattande dokument som tek for seg mange sentrale utviklingsområde. Samstundes meiner Regionrådet at den kunne vorte endå betre om klima-, miljø- og energiperspektiva hadde kome tydelegare og meir eksplisitt fram gjennom heile planen.

Sjølv om tema som naturtap, klimarisiko, arealforvaltning, miljøvennleg mobilitet og omstilling av tungtransport er omtalt, framstår desse punkta som spreidde enkeltmoment, og ikkje som ein samla og tydeleg klima- og miljøambisjon for Buskerud. For å styrke Buskerudplanen meiner me at følgjande bør vurderast:

- Klima, miljø og energi bør løftast fram som eit tydeleg gjennomgåande tema.
- Klimamål, indikatorar og forventningar bør koplant klarare til tiltaka
- Areal- og mobilitetspolitikken bør forankrast tydelegare i SPR Areal og mobilitet
- Utfordringar knytt til klima, natur og energi bør følgjast av konkrete tiltak-ikkje berre intensjonar.
- Fylkeskommunen si rolle som regional pådrivar må synleggjerast, inkludert korleis Buskerud skal bidra til nasjonale mål for utsleppskutt, energiomstilling og klimatilpassing.
- Samanhengen mellom arealbruk, transport, energi og utslepp bør klargjerast.

2. OM TILTAKA

MEIR INNANFORSKAP

Regionrådet i Hallingdal regionråd støttar Buskerudplanen si satsing på innanforskap. Distrikta treng målretta og heilskaplege tiltak som styrker innanforskap og reduserer utanforskap. For Hallingdal handlar dette om gode lokalsamfunn, sterke utdanningsløp og eit inkluderande arbeidsliv.

1. Sterkare læringsløp og betre overgangar

Eit breitt og relevant utdanningstilbod er avgjerande for at ungdom blir verande i regionen. Det er heilt essensielt å oppretthalde og vidareutvikle dei vidaregåande skulene i Hallingdal med mangfald og relevante studieretningar. Vidare treng me støtte frå fylket for å vidareutvikle desentralisert høgare utdanning og fagskuletilbod. Dette vil styrke kompetanse, reduserer fråfall og dekkje framtidig arbeidskraftsbehov. Regionrådet støttar også arbeidet med betre overgangar og har spesiell forventning til overgangane til og frå VGS.

2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn

For å sikre busetjing og tilflytting må Hallingdal framstå som ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Me treng gode og stabile offentlege tenester, eit variert bustadtilbod og med trygge og mangfaldige arbeidsplassar. Fylkeskommunen bør styrke verkemiddel som støttar lokalt utviklingsarbeid, busetjing og rekruttering i distrikta. Kanskje bør ein også vurdere fleire fylkeskommunale arbeidsplassar i distrikta som det var fokus på før Buskerud vart oppretta på nytt

3. Helsefremmande oppvekstmiljø

Barn og unge må møte trygge og utviklande arenaer. Regionrådet for Hallingdal støttar tiltak som styrkar psykisk og fysisk helse, sikrar tidleg innsats og gode overgangar og utviklar inkluderande fritidstilbod og nærmiljø

4. Inkluderande arbeidsliv

For å sikre deltaking og verdiskaping treng distrikta tett samarbeid mellom næringsliv, utdanning og offentlig sektor og lågterskeltiltak som gir unge, innvandrarar og andre grupper betre tilgang til arbeidslivet

OMSTILLING OG VERDISKAPING

Regionrådet for Hallingdal meiner dette er gode tiltak og vil minne om at ein i distrikta treng heilt andre verkemiddel enn i byane for å møte framtidens kompetansebehov, demografiske endringar og omstillingskrav i både offentleg og privat sektor. Ei samla satsing på omstilling og verdiskaping er avgjerande for heile fylket og Regionrådet meiner «nye Buskerud» har vist at dei ønsker å ta tak i dette allereie ved å initiere Menonrapporten, opprette regionalt kompetanseforum osv.

1. Framtidsretta kompetansetilbod

For å sikre rekruttering, nok og rett kompetanse og arbeidsplassar i distrikta meiner Regionrådet at det er viktig å styrke samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og kommunar og vidareutvikle ordningar for kompetanseheving i distrikta.

2. Innovasjon i offentleg sektor

Regionrådet er einig i at tiltaket er viktig og at større omstillingsevne er viktig for å løyse samfunnsoppdraget. Me trur fylkeskommunen kan stimulere til kommunale innovasjonsprosjekt, men meiner at dette først og fremst må løysast lokalt og regionalt

3. Frå oppstart til vekst

Eit variert og lønsamt næringsliv og ei tydeleg distriktsorientert satsing på kompetanse, innovasjon, næringsutvikling og infrastruktur er avgjerande for robuste distriktsregionar. Hallingdal har tidlegare profittert på Regionrådet næringsretta tilskotsordningar og partnerskapsmidlar. No ser me spesielt fram mot ei regional verktøykasse som blir skissert i planen.

NATUR OG KULTURVERDIAR I EIT GENERASJONSPERSPEKTIV

1) Ein besøksattraktiv region

Hallingdal er blant landets mest besøkte fjellregionar, med stort potensial for vidare utvikling av berekraftig reiseliv. Hallingdal vil kunne nytte fylkeskommunen og andre instansar sin kompetanse når det gjeld besøksstrategiar som tek vare på naturgrunnet, utvikling av heilårsaktivitetar og tiltak som styrker lokal verdiskaping og arbeidsplassar. Me håpar at tiltaket - og den felles verktøykassa kan konkretiserast og settast ut i livet.

3) Ei sterkare Buskerud-identitet

Regionrådet for Hallingdal meiner at Buskerud-DNA og fortellinga om Buskerud kan bli vanskeleg å skapa entusiasme rundt, mens Buskerud sin interessepolitiske plattform – det å utvikle felles bodskap og prioriteringar som grunnlag for et samla standpunkt og auka nasjonalt gjennomslag for Buskerud – ja det bør me ha mykje meir av

Som ein region som utgjør nær 40 prosent av Buskerud sitt areal, spelar Hallingdal ei sentral rolle for utviklinga, berekrafta og attraktiviteten i fylket. Skal Buskerud ha levande og livskraftige lokalsamfunn og fjellbygder, trengst ein offensiv distriktpolitikk og eit planverk som tek i bruk sterkare verkemiddel enn i dag. Hallingdal har store naturressursar, viktige kvalitetar og eit breitt handlingsrom for utvikling. For å nytte dette potensialet best mogleg, og for å lukkast med det grønne skiftet – må heile fylket takast i bruk. Det krev rammevilkår som gjer det mogleg å bu, leve, skape og arbeide i fjellregionen heile året. I planen står det at me i fellesskap kan skape attraktive og framtidsretta lokalsamfunn i heile Buskerud. Hallingdal er fjerlet i Buskerud og vil gjerne bidra til utviklinga.